

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 23.08.2016

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Kommentarar til rapport frå internrevisjonen - planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt**

ARKIVSAK: 2016/2717

STYRESAK: **099/16**

STYREMØTE: **07.09. 2016**

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar administrasjonen sine kommentarar knytt til revisjon av planlegging for gevinstrealisering i byggeprosjekt til orientering og ber om at rapporten blir følgd opp i samsvar med saksførelegget.

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har gjennomført eit revisjonsprosjekt med formål å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar. Hovudkonklusjonen i rapporten er at helseføretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Helse Vest vil ta initiativ til at det blir utarbeidd ein felles regional policy for korleis helseføretaka skal arbeide med gevinstrealisering knytt til utbyggingsprosjekt.

Fakta

Internrevisjonen i Helse Vest RHF har gjennomført eit revisjonsprosjekt med formål å stadfeste at helseføretaka si planlegging av nye sjukehusbygg er tilstrekkelig og hensiktsmessig for å kunne realisere forventa gevinstar.

Hovudkonklusjonen i rapporten er at helseføretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Revisjonsutvalet hadde rapporten til behandling 17. juni 2016. Følgjande er protokollert frå møte (protokollen er førebels ikkje godkjent):

Oppsummering:

Internrevisor Haakon Totland gjekk gjennom revisjonsrapporten. Hovudkonklusjonen er at føretaka er i ferd med å leggje eit godt grunnlag for realisering av forventa gevinstar i høve planlegging og oppføring av nye sjukehusbygg.

Utvalet understreka at rapporten har ein god timing sett opp mot alle dei prosjekt som nå er undervegs i helseføretaka. Utvalet såg òg at rapporten ville ha relevans for styresaka om utviklingsplanar på kommande styremøte.

Vedtak (samrøystes):

Revisjonsutvalet sluttar seg til tilrådingane i rapporten og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk.

Revisjonsutvalet ser dette arbeidet som spesielt betydningsfullt i lys av dei omfattande planane som er under utarbeiding i alle føretak i Helse Vest.

Kommentarar

Internrevisjonen har gitt følgjande tilrådingar:

1. *Helse Vest bør vurdere å utarbeide ein felles policy for korleis føretaka skal drive gevinstrealisering, for å legge eit enda betre grunnlag for felles forankring og lik gjennomføring av denne typen investeringsprosjekt.*
2. *Føretaka bør arbeide systematisk for å gjere gevinstar meir konkrete, involvere brukarane tidleg og la organisasjonsutvikling bli ein integrert del av korleis byggeprosjekt blir styrt og utvikla.*
3. *Føretaka bør sikre at det blir gjennomført systematiske evalueringar og dokumentert kva ein har oppnådd og korleis det har skjedd.*

Til det første punktet vil vi legge til at det ligg føre "Prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekt" i Helse Vest RHF. I framlegg til RHF-styret etter prosedyren, inngår vurderingar av gevinstrealisering. For ytterligare å systematisere og forbetre korleis ein skal jobbe med gevinstrealisering i helseføretaka, vil vi anbefale at Helse Vest RHF nedfeller ein policy for korleis ein skal jobbe med gevinstrealisering i byggeprosjekt. Vi anbefalar at policyen ikkje blir for omfattande, men at den tydeleggjer seks sentrale element:

1. *Gevinstar skal identifiserast*
2. *Gevinstar skal vere konkrete, realistiske og målbare*
3. *Ansvar for og eigarskap til gevinstar skal plasserast*
4. *Samspel mellom driftslinje og prosjektorganisasjon kva angår gevinstar skal vere avklart og tydelig*
5. *Ansvar for oppfølging, evaluering og dokumentasjon av gevinstrealisering skal plasserast.*
6. *Dokumentasjon på gevinstrealisering skal rapporterast til Helse Vest RHF.*

Ein policy som skissert, vil for alle dei fire undersøkte føretaka i monaleg grad vere nedfelling av etablert praksis. For helseføretaka vil vi anbefale at den overordna policyen vert tilpassa og brote ned for kvart einskild byggeprosjekt. For dette arbeidet vil vi tilrå at Sykehusbygg HF vert utfordra til å komme med konkrete erfaringspunkt og innspel på løysingar og tips

Forslag til vidare saksbehandling

Som vist til i internrevisjonsrapporten har Helse Vest i dei seinare år hatt eit aukande fokus kring gevinstrealisering, og det er utarbeidd eit rammeverk for gevinstplanlegging og – realisering. Dette rammeverket er først og fremst utarbeidd med tanke på større IKT-prosjekt, men er også tenkt tilpassa andre type investeringar.

Helse Vest vil i tråd med internrevisjonen sin tilråding ta initiativ til at det blir utarbeidd ein felles regional policy for korleis helseføretaka skal arbeide med gevinstrealisering knytt til utbyggingsprosjekt. Ved utarbeiding av ei slik policy vil det vere naturleg å sjå hen til ovannemnde rammeverk samt til gjeldande prosedyre for beslutning og gjennomføring av investeringsprosjekt og krav stilt i føretaksmøtet i januar i år om evaluering av nye sjukehusbygg etter at dei er tatt i bruk.